

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 Oslo

Dato: 03.03.26
Saksnummer: 202524740

Innspel til endringar i kraftberedskapsforskriften. Å Energi Vannkraft AS

Me syner til høyringsdokument nr 3 / 2025

ÅEVK er prinsipielt positive til at NVE forsøker å legge tydelegare kriterie til grunn for kva scenario KBO einingane skal ta omsyn for i risikovurderingane.

Som produksjonsselskap er me likevel i tvil om endringa vil gjere forskrifta tydelegare for vår del. Avsnitt to i forslaget er tydeleg på at dimensjonerande ramme for reparasjonsberedskap er at to anlegg eller system rammes av sabotasje kun gjelder for nettselskap. Men samstundes står det i dykkar kommentar til tredje ledd at bestemmelsen ikkje kan lesast antitetisk og då er vår oppleving at dette uansett må vurderast av alle KBO einingar.

Me er også i tvil om to samtidige sabotasje hendingar er rett nivå gitt at det frå mange hald blir signalisert at både vår bransje og samfunnet elles må førebu seg på å handtere hendingar høgt i krisespekteret.

Basert på dette opplever me at NVE med dette tek ei trinnvis heving av beredskapsnivået ved å endre forskrifta i fleire steg, der dette er ein begynnelse. Om dette er tilfelle er me usikre på om dette er rett strategi. Vår bransje er generelt prega av lange perspektiv, og beslutningar som tas på innkjøp av materiell, konseptval, nybygg og rehabiliteringar får følger i fleire tiår framover. Her vil ÅEVK be NVE på generelt grunnlag vurdere ei alternativ tilnærming gitt samfunnets forventning om å heve beredskapsnivået: Revider kraftberedskapsforskriften med krav slik det er forventa at eit forhøya nivå skal være om 10 år. Det vil naturlegvis være slik at dagens krav skal være oppfylt frå dag ein. Men endringar som hever eller presiserer nivået utover dagens utformast slik at desse skal innførast enten ved spesifikke fristar der det vurderast naudsynt, konkrete tiltaksplanar eller ved neste større ombygging/rehabilitering. Ved å gjere det på denne måten vil man være tydeleg på kva målet er, samstundes som ein gjev bransjen betre moglegheit for rasjonell teknisk og økonomisk planlegging.

Sigmund A. Trydal
Beredskapskoordinator ÅEVK